

Hyttefolket kastar hansken

Måndag kveld vil hyttefolket på Kvamskogen vita kva dei får att for å betala bompengar og eigedomsskatt. Helst vil velforeininga sleppa baa delar.

SIGBJØRN LINGA

– Helst vil me vel sleppa. Me vil i alle fall ikkje stå med hatten i handa og betala utan å få noko att, seier styreleiar i Kvamskogen vel, Erik Bjerring Hansen.

Panel med kvemningar

Han er usikker på kva som vil koma ut av møtet i Terminus hall. Føremålet er fyrst og fremst å signalisera den sterke misnøya mellom hytteeigarane på Kvamskogen.

– Mange av dei vil ha ein organisert boikott av Kvam. Styret legg ikkje opp til det, men eg vil tru politikarane forstår signala, seier Bjerring Hansen.

Velforeininga har hyra journalist Hans Gunnar Skarstein som ordstyrar i ein paneldebatt. Kvam berad vert representert av ordførar Astrid Farestveit Selsvold (Ap);

sjef for offentlege planar, Jon Nedd-kvitne; leiar for eigedomsskatt-prosjektet, Per Øyvind Tveiten, og varaordførar og dagleg leiar og styremedlem i Kvam bompengeselskap AS, Oddvar Brakestad (H). I tillegg skal velforeininga ha folk i panelet.

Krev noko att

Bjerring Hansen forsikrar at gestene frå Kvam ikkje risikerer å verta lynsja, men legg ikkje skjul på at dei risikerer kritiske spørsmål frå både ordstyraren og salen.

Sjølv meiner han det er naturleg å krevja at heradet forpliktar seg til å yta meir til Kvamskogen. Kommunal skiløypekøyning, veglys langs riksvegen og garde-robe- og toalettanlegg er mellom dei goda styreleiaren set høgst på kravlista.

Han formeleg fnysar av dei ti millionane som er løyvde til trafikksikrings tiltak på Kvamskogen i Kvammapakken. Pengane er i fyrste rekke løyvde for å få hyttefolk til å halda kjef, trur han. Risikoen er dessutan stor for at andre prosjekt vert så dyre at Kvamskogen kan sjå langt etter kronene, fryktar Bjerring Hansen.

Ulike stadium

Kvammapakken er alt stortingsvedteken, medan utvidinga av eigedomsskatten enno ikkje er vedteken. Debatten om skatten kjem



Invitert: Erik Bjerring Hansen (fremst) i Kvamskogen vel inviterer til folkemøte måndag. Møtet er i Bergen, men Kvam står på dagsordenen. Foreininga har sett opp plakatar med informasjon om møtet på Kvamskogen og i Norheimsund. Mellom andre ordførar Astrid Farestveit Selsvold (Ap) er inviterte. Biletet er frå eit medlemsmøte i Kvam Ap i fjor.

truleg i samband med 2010-budsjettet i haust.

Bjerring Hansen innsar at toget kanskje er gått når det gjeld bompengar, men han meiner framleis plasseringa av bomstasjonen i Steinsdalen er "tulle". Ho er likevel betre enn den opphavlege plasseringa i Eikedalen, meiner styreleiaren, som tek noko av æra for flyttinga etter å ha skrive brev om saka til både Samnanger og

Granvin kommunar.

– Bompenguebuer bør stå ved prosjektet ein betalar for, meiner han.

Bjerring Hansen meiner det var uklokt av Stortinget å gje kommunane høve til å krevja inn eigedomsskatt for fritidsbustader. Betre vert det ikkje når Fylkesmannen pressar kommunane til å innføre og utvida skatten.

– Bakgrunnen for folkemøtet er

at årsmøtet i Kvamskogen vel i april ville vita kva styret gjorde i bompeng- og skattesaka. På neste styremøte vart det vedteke å arrangera eit ope møte om saken.

Du kan lesa meir om bompengesaka på side 4. På side 12 finn du eit lesar brev om saka.

linga@hf.no

Vil vita meir

Tysdag skipar Kvam næringsråd til eit ope møte i rådhuset om Kvammapakken. I innkallinga vert det hevda at "det har vore sparsamt med informasjon til folk flest om korleis denne utbygginga er tenkt gjennomført".

Torleiv Ljones i næringsrådet seier til HF at folk flest ikkje har fått høve til å stilla spørsmål til dei som styrer selskapet. Han spør seg difor om mannen i gata veit dømes i kva rekkjefølgje prosjekta skal gjennomførast.

Ifølgje innkallinga vil mange gjerne vita meir om mellom anna prosjekt, prioriteringar, kostnader og plassering av bompengestasjonar. Andre aktuelle spørsmål er kva endringar som kan gjerast i pakken utan ny stortingshandsaming, om det er rom for endringar i planane dersom renta endrar seg, om det er teke omsyn til auka trafikk som følgje av jondalstunnelen, og kva ein skal gjera med trafikken gjennom Norheimsund sentrum.

Dagleg leiar i Kvam bompengeselskap AS, Oddvar Brakestad, skal innleia. Truleg vil ein representant frå Statens vegvesen svare på spørsmål i møtet.

Ifølgje styret i næringsrådet var møtet planlagt før debatten om Kvammapakken blussa opp på nytt i slutten av august.

– Vårt utgangspunkt er difor dei gjeldande vedtaka, heiter det i innkallinga.

[Det gamle biletet]



Innsendar: Olav O. Torpe

Dette biletet viser øysteseetølen Søyene. Personane som rastar ved sela, er medlemmer i Øystese ungdomslag, som var på felles fjelltur i 1943. Fotograf er Olav O. Torpe.